


# Kommunikasjonsplan




Me er på veg mot  
**ULLENSVANG KOMMUNE**  
- den nye kommunen i Hardanger

## 1. Me byggjer NY kommune!

Jondal, Odda og Ullensvang utgjer ein felles bu- og arbeidsregion og har hatt samarbeid på fleire område over mange år. Som del av den nasjonale kommunereforma vedtok kommunane i juni/oktober 2016 å slå seg saman frå 1.1.2020. Den nye kommunen skal heita Ullensvang kommune og kommunesenteret skal vera i Odda.

Til grunn for samanslåingsvedtaket ligg intensjonsavtala som vart vedteken i kommunestyra i 2016: Intensjonsavtale for samanslåing av Odda kommune, Jondal kommune og Ullensvang herad. Jondal kommune, Odda kommune og Ullensvang herad ynskjer:

*“Å skapa ein ny, livskraftig og attraktiv kommune i Hardanger”*



Kommunesamanslåinga er organisert som eit prosjekt der det overordna målet er at Ullensvang kommune skal vera i drift i 1.1.2020. Styringsdokument og prosjektplan (versjon 3.2) legg rammer for prosjektarbeidet fram mot etablering av ny kommune, og dokumentet gjev mål og retning for prosessen.

Prosessten skal:

- Vera open
- Vera forankra i organisasjonane
- Vera forankra hjå innbyggjarane
- Oppretthalda normal drift i noverande kommunar

## 2. Kommunikasjon - mål og strategi

Kommunikasjonsplanen er utarbeidd for å sikra innsyn, medverknad og forankring hjå alle som er involvert eller berørt av arbeidet med kommunesamanslåinga.

Mål for kommunikasjonsarbeidet:

1. Kommunikasjonen skal vera open, tydeleg, samordna, tilpassa og heilskapleg
2. Kommunikasjonen skal vera basert på medverknad og forankring
3. Digital kommunikasjon skal vera fyrsteval for alle målgrupper

4. Alle målgrupper skal bli ivaretatt i prosessen
5. God kommunikasjon internt skal danne grunnlag for god kommunikasjon eksternt

10 viktige punkt for god kommunikasjon:

1. Vær ein aktiv lyttar
2. Vær ein aktiv deltakar
3. Husk at du har noko å læra av andre
4. Husk at andre har noko å læra av deg
5. Respekter andre sine synspunkt
6. Hold deg til saken
7. Begrens deg, ikkje vær ein møteplager
8. Ikkje vær redd for å stilla spørsmål
9. Vær open for gruppesamarbeid
10. Vær ærleg mot deg sjølv og andre

### 3. Målgrupper

*Interne:*

- Folkevalde
- Leiarar
- Tilsette
- Tillitsvalde og verneombod

*Eksterne:*

- Innbyggjarar
- Frivillige organisasjonar
- Næringsliv
- Nabokommunar
- Eksterne samarbeidspartar
- Regionale og nasjonale myndigheiter
- Presse/media

### 4. Kanalar for kommunikasjon

For å kunne nå alle målgrupper på ein heilskapleg måte, må ein nytta ulike kommunikasjonskanalar. Val av kanal er basert på ei vurdering av korleis målgruppa best kan nåast på ein effektiv og god måte i tråd med dei overordna måla for kommunikasjonsarbeidet.



Aktuelle kanalar for informasjon og medverknad:

- Internettside
- Sosiale media
- Informasjonsskriv; innbyggjarar og tilsette
- Lokalmøte; pressemeldingar og annonsering
- Dialogmøte, folkemøte, paneldebatt
- Leiar- og tilsettemøter
- Innbyggjarundersøkingar
- Happenings; fotokonkurranse, stand på arrangement ol.

#### 4.1 Intern kommunikasjon

Digitale verktøy i prosjektarbeidet:

- Samhandlingsløsning med chat, tale og video og dessutan ein kontorpakke-løsning (e-post mm.) skal nyttast til intern og ekstern kommunikasjon og til produksjon, distribusjon og lagring av ikkje-sensitiv dokumentasjon
- **Intranett** skal nyttast til intern kommunikasjon i samanslåingsprosjektet.
- Arbeidsgruppene har tilgang til **prosjektgjennomføringsverktøy** som ein oppfordrar til å nytte.
- Prosjektleiinga oppfordrar til bruk av **videokonferanse** på dei møter dette høver.
- Prosjektet nyttar inntil vidare Odde kommune si **arkivløsning**.
- Prosjektet nyttar inntil vidare Odde kommune sin **møteportal**.

## 5. Roller og ansvar

Kommunikasjon er eit naudsynt verkemiddel i endringsprosessar.

### 5.1 Politisk ansvar:

Leiar for Fellesnemnda og leiar for Partsamansett utval har ansvar for å kommunisera med presse rundt politiske spørsmål.

Arbeidsutvalet og Fellesnemnda har ansvar for å involvera og orientera kommunestyra (Jondal, Odda og Ullensvang) og partigruppene.

Der kommunalt oppnevnte råd skal forespørres om å uttale seg, eksempelvis i forbindelse med planarbeid som skal sendes på høring, vil det være den enkelte kommune som sikrer at dette oversendes til rådene.

På slutten av møter og arrangerte samlinger (PSU og fellesnemnda) vert det avklart kva «hovudbodskap» som skal formidlast via ulike kommunikasjonskanaler frå møtet.

## 5.2 Prosjektorganisasjonen:

*Prosjektleiari:*

- Prosjektleiari har det overordna kommunikasjonsansvaret.
- Prosjektleiari kommuniserer med interessentgruppene om innhald og framdrift i samanslåingsprosjektet.
- Prosjektleiari rapporterer jamleg til fellesnemnda

*Prosjektorganisasjonen sin sekretær har ansvar for:*

- Å koordinere og distribuere innkallingar og protokoll frå møta i PSU og Fellesnemnda til dei tre kommunane.
- At sakspapir og protokoll frå Fellesnemnda fyl lovverket som kommunestyra har når det gjeld dokumentasjon og tilgjengelegheit.

*Digitaliseringsansvarleg:*

- Rapporterer jamleg til prosjektleiari

*Kommunikasjonsansvarleg har ansvar for:*

- Å følgje opp kommunikasjonsplan for Ullensvang kommune
- Planlegging og gjennomføring av tiltak identifisert i kommunikasjonsplan.
- Administrere og oppdatere internett- og intranettsida til Ullensvang kommune
- Kontinuerlig arbeid med informasjon og kommunikasjon

Kommunikasjonsarbeidet skal vera ein fast post ved kvart møte i prosjektorganisasjonen.

## 5.3 Tillitsvalde og hovedverneombod

Dei er aktive og viktige delar av samanslåingsprosjektet. Dei representerar dei tilsette. Dei har ansvar for koordinering, møteførebuing, møter og informasjon i samarbeid med prosjektorganisasjonen.

Det er oppretta eit felles forum for tillitsvalde og hovedverneombod for kommunane som inngår i samanslåingsprosjektet. Føremålet med forumet er:

- Felles informasjon
- Drøftingar på tvers av kommunegrensar og forbund
- Eit forum der prosjektleiari møter tillitsvalde
- Velja representantar inn i prosjektgrupper/arbeidsgrupper

## 5.4 Arbeidsgruppene

Leiarane for hovudarbeidsgruppene har ansvar for at informasjon til internettsida etter behov blir sendt til kommunikasjonsansvarleg som publiserer på ullensvang.kommune.no

Leiarane for kvar arbeidsgruppe har eit sjølvstendig ansvar for aktivt å nytte intranett til å informere eigen og/eller heile prosjektet om relevante nyhende.

Alle deltakarar i arbeidsgrupper har eit sjølvstendig ansvar for aktivt å nytte intranett til å holde seg informert om kommunesamanslåingsprosessen. Referat og nyheitssaker vert lagt ut på intranett.

### *Politiske arbeidsgrupper:*

- Kvar arbeidsgruppe arbeider i høve til sine mandat, med ein leiar som rapporterer til fellesnemnda etter eit fast rapporteringssystem.

### *Koordinerte arbeidsgrupper:*

- Kvar arbeidsgruppe arbeider i høve til sine mandat, med ein leiar som rapporterer til prosjektleiar etter eit fast rapporteringssystem.
- Undergrupper rapporterer til leiar for hovudgruppa dei er tilhøyrande.

### *Administrative arbeidsgrupper:*

- Kvar hovudgruppe arbeider i høve til sine mandat, med ein leiar som rapporterer til prosjektleiar etter eit fastsett rapporteringssystem.
- Undergrupper rapporterer til leiar for hovudgruppa dei er tilhøyrande.

## 6. Tiltaksplan

Tiltaksplanen viser konkrete informasjonstiltak retta mot dei ulike målgruppe. Denne delen av kommunikasjonsplanen skal vera eit levande dokument som vert oppdatert etter behov.

<b>Kanal</b>	<b>Målgruppe</b>	<b>Funksjon</b>	<b>Kor ofte</b>	<b>Ansvar</b>
Internettside	Alle	Informasjon	Kvar veke	Kommunikasjonsansvarleg
Informasjonsbrosjyre - innbyggjarar	Alle	Informasjon	2 gangar årleg	Prosjektleiar Kommunikasjonsansvaleg
Informasjonsskriv - tilsette	Alle tilsette	Informasjon		Prosjektleiar Kommunikasjonsansvaleg
Sosiale media	Alle	Innbyggjarinvolvering	Kvar veke	
Lokalavis: - Pressemelding - Annonse	Alle	Informasjon		
Dialogmøte	Interessegrup per t.d. ungdom,	Informasjon og dialog		

	eldre			
Folkemøte	Alle	Informasjon og dialog		
Paneldebatt	Alle / interessegrupper	Informasjon og dialog		
Personalmøte	Tilsette	Informasjon og dialog		
Innbyggjarundersøking	Alle	Innbyggjarinvolvering		